

Fraa
Hordaland ungdomslag.

Til einskildlagi.

Vi har idag sendt dette brevet til det nye styret for Noregs ~~XXX~~
ungdomslag:

Til styret for Noregs ungdomslag,
v/ landsleidar E. Trahaug,

Oslo.

Gjennom dagspressa er vi kjende med at styret i Noregs ungdomslag er sett av, og eit nytt styre oppnemnt. Paa same tid er lovene i Noregs ungdomslag, fylkeslag og einskildlag gjort um inkje, og nye lover gjenge.

- - -

Etter styret i Hordaland ungdomslag si meining bryt desse tiltak so heilt med grunnlaget for arbeidet i dei ungdomslag som vi er valde som maalsmenn for, at vi lyt beda um aa verta løyste fraa umbodi vaare so snart som raad er.

Uskedalen i styret for Hordaland ungdomslag 7. mars 1942.

Thor Myklebust,
formann.

Hafald Bolstad,
varaform.

Einar Loftaas,
kassastyrar.

Harald Gurvin.

Sara Rørvik.

Olav Midtun.

Etter dette vert det ikkje innkalla til aarsmøte i Hordaland ungdomslag i 1942 av det gamle styret i fylkeslaget.

Dette vert einskildlagi hermed gjort kjende med.

Uskedalen, 7/3 1942.

Beste helsing